



Arkivnr: 2015/11453-207  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Styret for Fagskolen i Hordaland		12.09.2019

### Høyringsuttale - forslag til ny fagskuletilsynsforskrift

#### Samandrag

NOKUT har sendt forslag til ny forskrift om tilsyn med kvaliteten i høyere yrkesfaglig utdanning (fagskuletilsynsforskrifta) på høyring med frist 1. november 2019. Forslag til ny fagskuletilsynsforskrift er utarbeidd på bakgrunn av ny fagskulelov og fagskuleforskrift. Dei største endringane i forslaget er hovudsakeleg oppbygging, struktur og avgjerder som går ut fordi dei vert ivareteke av lov og overordna forskrift. Administrasjonen ved opplæringsavdelinga kan ikkje sjå nokre tilhøve ved forslaget til ny fagskuletilsynsforskrift ein ikkje bør støtte og vil derfor tilrå at styret gjev høyringssvar utan merknad.

#### Forslag til vedtak

Styret for Fagskolen i Hordaland støttar NOKUT sitt forslag til ny fagskuletilsynsforskrift og gjev høyringssvar utan merknad.

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør opplæring  
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Adeline B. Landro  
spesialrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Høyringsbrev - forslag til ny forskrift om tilsyn med kvaliteten i høyere yrkesfaglig utdanning (fagskuletilsynsforskriften)

**Fylkesrådmannen, 02.09.2019**

Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen (NOKUT) har sendt forslag til ny forskrift om tilsyn med kvaliteten i høyere yrkesfaglig utdanning (fagskuletilsynsforskrifta) på høyring med frist 1. november 2019.

Fagskuletilsynsforskrifta gjev føresegner om krav til fagskuleutdanning; krav til akkreditert fagområde, krav til fagskulen sitt kvalitetssikringsarbeid, samt søkje prosess og tilsyn med fagskuleutdanningane.

Forslag til ny fagskuletilsynsforskrift er utarbeidd på bakgrunn av ny fagskulelov og fagskuleforskrift. Dei største endringane i forslaget er hovudsakeleg oppbygging, struktur og avgjerder som går ut fordi dei vert ivareteke av lov og overordna forskrift. Endringane som er gjort i innhaldet er at krava til fagleg og utdanningsfagleg ansvarleg for utdanningane kjem i tillegg til det øvre fagmiljøet ved fagskulane (jf. § 2-2 i utkastet). I tillegg er det føreslått at NOKUT kan gje akkreditering av ei utdanning på vilkår (§ 5-1 tredje ledd) om ein fagskule ikkje har tilsett naudsynt fagkompetanse før godkjenning ligg føre. Dette har NOKUT praktisert tidlegare, men har no også fastsett dette i forskrifta.

Utkast til fagskuletilsynsforskrifta er blitt meir forklarande enn tidlegare, og dette vert vurdert som ei styrke. Døme på dette er omgrepet utdanningsfagleg kompetanse som vert definert i § 1-2 som kompetanse i å fremje studentane sin læring. Slik kompetanse kan være pedagogisk, didaktisk, digital eller anna type kompetanse.

Administrasjonen ved opplæringsavdelinga kan ikkje sjå nokre tilhøve ved forslaget til ny fagskuletilsynsforskrift ein ikkje bør støtte og vil derfor tilrå at styret gjev høyringsvar utan merknad.